



**Stian Hårstad, Terje Lohndal og Brit Mæhlum. *Innganger til språkvitenskap: Teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2017. 209 sider.**

Med *Innganger til språkvitenskap* har vi fått ei innføring i vitskapsteoretiske spørsmål kring språkvitenskapen på norsk. Det er bra. Det er ikkje vanskeleg å vere samd med forfattarane i at språkvitenskapen bør interessere seg for det Roger Lass har kalla “metaworries” (s. 11), spørsmål som kva som er studieobjekt(a) i språkvitenskapen, og korleis vi kan vinne innsikt i desse. Allereie Saussure slo fast at språkvitenskapen ikkje har noko studieobjekt som er gjeve på førehand, men at dette blir til med det perspektivet ein vel.

I språkvitenskapen er spennvidda i vitskapsteoretiske posisjonar stort, og forfattarane legg heller ikkje skjul på at dei sjølve er usamde om grunnleggande spørsmål. Det er eit godt utgangspunkt for ei bok som dette, som tek mål av seg til å dekke både det forfattarane kallar “formell grammatikk” og det dei kallar “sosiokulturell lingvistikk”.

Motivasjonen bak boka er å argumentere for kor viktig det er med metavitenskapleg medvit og å framheve betydninga av teoretisk og metodisk perspektivmangfald. Språket er eit så komplekst og mangesidig fenomen at ulike tilnærmingar er heilt nødvendige for å gripe det. Samstundes ønskjer forfattarane å peike på ein fare ved aukande spesialisering: Dei ulike vitenskaplege paradigma kan bli lukka “parallellsamfunn” som i liten grad har innbyrdes kontakt. Dette er viktige perspektiv å lyfte fram.

Boka er delt inn i fire delar, og byrjar med ein meir allmenn vitenskapsteoretisk del med hovudvekt på motsetnaden mellom naturvitenskap og humanvitenskap. Deretter følgjer faghistoriske nedslag i formell grammatikk og sosiokulturell lingvistikk i del 2, før vitenskapsteoretiske spørsmål blir diskuterte i samheng med metodiske problemstillingar i del 3. I del 4 peikar forfattarane ut vegar vidare for diskusjonen av desse viktige spørsmåla.

I den allmenne vitenskapsteoretiske delen skriv forfattarane først (kap. 1) om myten om den objektive språkvitenskapen, og samlar seg interessant nok om ein samlande definisjon av *vitenskap*, som dei har henta frå Collin og Køppe (1995: 24), der det mellom anna heiter at “videnskapen søger at *forstå* fænomenene, ikke blot *beskrive* dem” (s. 34). Når ein søkjer eit samlande perspektiv, tyr ein altså til eit vitenskapssyn godt forankra i den humanistisk-hermeneutiske tradisjonen.

Kapittel 2 er “En rask og selektiv odysse gjennom vitenskapens historie”, der linene blir dregne heilt tilbake til Platon og Aristoteles. Forfattarane viser

her korleis humanvitskapane, etter brotet med dei klassiske vitskapsideala, etter kvart blei splitta i to retningar som har vore ein grunnleggande motsetnad sidan: Skulle ein ha som ambisjon å avdekke noko universelt også når ein hadde med menneskeskapte fenomen å gjere, eller er slike fenomen for vesensforskjellige frå naturfenomen til at dette er ein farbar veg? Denne motsetnaden blir eit gjennomgangstema for framstillinga i resten av boka.

Sjølv om dette kapittelet er ein selektiv odysse, og sjølv sagt må vere det, framstår det i ein språkvitskapleg samanheng litt merkeleg når forfattarane dreg linene tilbake til Platon og Aristoteles utan å nemne retorikken med eit ord. Aristoteles var også retorikar, og retorikken er den tidlegaste forløparen for funksjonell språkvitskap.

I kapittel 3 blir den allmenne vitskapsteoretiske framstillinga avslutta med ei utdjuping av motsetnaden mellom naturvitskap og humanvitskap, høvesvis konkretisert som eit positivistisk og einskapsvitskapleg ideal på den eine sida og hermeneutikken med si insistering på det humanvitskaplege som noko kvalitativt annleis enn naturvitskapens studieobjekt på den andre. Interessant nok blir det peikt på (s. 49) at den naturalistiske oppfatninga av mennesket som positivismen førte med seg utover på 1800-talet, ikkje først og fremst blei driven fram av representantar frå naturvitskapane, men av humanvitskaplege forskarar med ønske om bli assosierte med naturvitskapens framgang og prestisje. Etter meldarens mening er dette vesentleg også for å forklare den generative grammatikkens dominerande rolle i andre halvdel av 1900-talet. Forfattarane dreg også liner høvesvis frå positivism og hermeneutikk til skiljet mellom kvantitative og kvalitative metodar, og diskusjonane av tilhøvet mellom vitskapsteoretiske grunnsyn og metodeval er i det heile ein styrke ved boka.

Del 2 inneheld nedslag i to ulike språkvitskaplege hovudretningar, som altså blir kalla “formell grammatikk” og “sosiokulturell lingvistikk”. Omtalen av formell grammatikk i kap. 4 byrjar med ein gjennomgang av utviklinga av “det autonome perspektivet” på språk, som forfattarane ser som eit resultat av eit naturvitskapleg grunnsyn, og som først blei realisert særleg gjennom den historisk-komparative språkvitskapen. Det autonome perspektivet blei så vidareført i strukturalisme og i generativ grammatikk.

Nemninga “formell grammatikk” blir nytta utan at den fleirtydige termen “formell” får nokon definisjon. Av og til nyttar forfattarane også “formal”, utan at det blir gjort klart om dette er noko anna. “Form” og “tyding” blir vanlegvis brukt om dei to sidene i det språklege teiknet, men “formell” og “formal” blir òg nytta om å setje på formel i matematisk-logiske notasjonar med abstrakte variablar. Det var då òg det siste ein var opptekne av i miljøet kring Chomsky

på 50-talet, der ein arbeidde i skjæringspunktet mellom lingvistikk og datamaskinvitskap. Når det formelle språket så blei flytta inn i hjernen til mennesket, var det i samsvar med ein metafor som ligg til grunn for den generative grammatikken, og for mykje av kognitiv vitskap i det heile, nemleg at HJERNEN ER EIN DATAMASKIN, noko det er mange gode grunnar til å stille spørsmål ved. Vitskapsteoretisk er dette etter mitt syn svært interessant, men det blir dessverre ikkje diskutert i boka.

Kap. 5 tek så for seg det forfatarane har valt å kalle “sosiokulturell lingvistikk”, lingvistikk som utforskar “forholdet mellom sosiale forskjeller og språklige forskjeller” (s. 114). Her blir biletet av den formelle lingvistikken som nærast einerådande på 1800-talet nyansert. Det fanst mange motstemmer mot den naturvitskapleg inspirerte lingvistikken på heile 1800-talet, som peikar fram mot Diltheys skilje mellom “Naturwissenschaften” og “Geisteswissenschaften”. Dette skiljet opna for fleire tilnærmingar til språk mot slutten av hundreåret. I dialektologien finn forfatarane ein fagtradisjon som over tid har hatt tydelege innslag av sosiokulturelle perspektiv. Dei ser “territorialiteten” (s. 105) til dialektologien i seg sjølv som ein sosial dimensjon, og presenterer tidlege sosiolingvistiske pionerar som Amund B. Larsen.

I del 3 drøftar forfatarane “hva *metode* kan og bør være for en språkforsker” (s. 125), med mål om å vise korleis val av metodar heng saman med vitskapsteoretiske spørsmål. Delen opnar med eit kapittel (kap. 6) som tek for seg metodiske problemstillingar på eit overordna nivå, og der formelle og sosiokulturelle tilnærmingar blir diskuterte samla. Dette er eit godt grep som får tilhøvet mellom dei ulike tilnærmingane tydeleg fram.

I kapittel 7 får vi så ein utdjupande diskusjon om intuisjon og akseptabilitetsvurderingar, som er den viktigaste forma for data for den formale grammatikaren. Sjølv om ein sjølvsagt har plassomsyn å ta, skulle eg av og til ønskje at forfatarane hadde fullført resonnement i litt større grad. Eit eksempel på det er i diskusjonen om den mentale grammatikken er probabilistisk i dette kapitlet. Det blir vist til eit bidrag som argumenterer for at det er tilfellet (Lau et al. 2017), noko som bryt med det vanlege synet på dette innanfor den formale grammatikken. Om ein her såg utanfor dette paradigmet, ville ein ha sett at bruksbaserte teoriar har hatt eit og anna å seie om denne problemstillinga lenge. Ein kan her stå i fare for sjølv å hamne i den faglege segregeringsfella som forfatarane elles åtvarar mot.

Spørsmålet om probabilitet er elles sentralt for skiljet i den generative grammatikken mellom *akseptabilitet* og *grammatikalitet*, eit skilje som etter mitt syn er vitskapsteoretisk problematisk. Akseptabilitet meiner ein også innan-

for det generative paradigmet er skalerbar, medan dette, i alle fall ifølgje Chomsky, ikkje gjeld for grammatikalitet. Det siste er eit spørsmål om anten/eller (noko Lau et al. 2017 altså stiller spørsmål ved også innanfor det generative paradigmet). Forfattarane skriv (s. 142): “Akseptabilitetsvurderingar er de vurderingene som informantene gjør, nemlig vurderinger av om en setning høres akseptabel ut eller ikke. Grammatikalitetsvurderingar er vurderingar som lingvister gjør. Det vil si at disse vurderingene er en fortolkning av de vurderingene som informantene har gjort”. Det er ei viktig påpeiking at alle grammatikarar er avhengige av *tolkingar* av intuisjonar om språklege ytringar. Det som likevel sermerkar den generative grammatikken, er det store gapet som oppstår i dette tolkingsrommet mellom ytringane og akseptabilitetsvurderingane på den eine sida, som utgjer den evidensen ein bygger på, og dei beskrivingane ein gjer av den grammatiske kompetansen ein ser som studieobjektet på den andre sida. Som Devitt (2006: 489) har peikt på: “Ordinary speakers have many intuitions about grammaticality, coreference, and ambiguity but few about transitivity, heads, A'-positions, c-command, cases, transformations, and so on”. Det er viktig å skilje mellom intuisjon, som ligg til grunn for akseptabilitetsvurderingar, og den analytiske tenkinga som ligg til grunn for teoridanning. Forholdet mellom desse blir for sjeldan problematisert i språkvitskapen.

Forfattarane skriv (s. 146) vidare at “grammatikalitetsvurderingene korresponderer med kompetansen, mens akseptabilitetsvurderingene er et eksempel på performansen.” Samstundes er det altså berre skalerbare akseptabilitetsvurderingar ein bygger på som evidens, og på kva grunnlag ein då postulerer binær grammatisk kompetanse, er uklart for meldaren.

Kapittel 8 tek føre seg metodologiske spørsmål i sosiolingvistikken (forstått som variasjonslingvistikken), og ein raud tråd gjennom dette kapittelet er førestillingar om “naturleg” og “unaturleg” tale. I sosiolingvistikken har ein vore på jakt etter det ekte og autentiske språket, som ein har meint er å finne i visse kontekstar og ikkje i andre. Denne “autentisitetssideologien” (s. 163) lever vidare i moderne talemålsstudiar, i form av meir eller mindre strenge utval av informantar, og dette er ei viktig problematisering.

Etter kvart som sosialkonstruktivistiske tilnærmingar har vunne innpass, ser ein det i større grad slik at forskaren er medskapar av data, og tilnærmingar frå etnografisk inspirert sosiolingvistikkk har ført til at deltakarperspektivet også har vorte viktigare i variasjonslingvistikken.

Framveksten av sosiolingvistikken, med si samfunnsvitskaplege orientering, har elles ført til større vektlegging av representativitet og validitet enn tilfelle var i tidlegare dialektologiske studiar. Samstundes har ein etter mitt syn vore

meir oppteken av korrelasjonar med sosiale faktorar enn av språkleg tyding i sosiolingvistikken; ein har på eit vis erstatta innhaldssida til det språklege teiknet med sosiale variablar, i alle fall i variasjonslingvistikken. Samstundes kan ein kanskje sjå teikn til at også dette er i endring etter kvart som sosialkonstruktivistiske perspektiv vinn innpass.

Mot slutten av denne delen diskuterer forfattarane så kvar språket finst (s. 169ff), og dette er ein svært interessant diskusjon der ein freistar å finne felles grunn mellom individualistar som vil forklare sosiale fenomen med grunnlag i enkeltindivid, og kollektivistar, som vil forklare dei same fenomen gjennom eit sosialt makronivå. Igjen viser forfattarane korleis metodiske spørsmål heng nøye saman med vitenskapsteoretiske, og dette er etter mitt syn ein stor styrke ved boka.

I 4. og siste del får vi ein ny diskusjon av utgangspunktet for boka: “Hvordan kan vi gå fram for å øke den metavitenskapelige bevisstheten omkring det som utgjør lingvistenes eget studieobjekt, teorier og metoder? Og hvordan kan vi oppnå større grad av gjensidig forståelse og aksept for de varierende teoretiske og metodologiske tilnærmingene som preger språkforskeres vitenskapelige praksiser?” (s. 177).

Det er verdt å dvele litt ved det forfattarane ser som dei to hovudfraksjonane innanfor språkvitskapen, som dei altså kallar “formell grammatikk” og “sosiokulturell lingvistik”. Viktige faktorar i denne motsetnaden er natur versus kultur og det individuelle og mentale versus det sosiale. Ein annan viktig akse å sjå språkvitskaplege tilnærmingar i høve til er etter mitt syn forholdet til det språklege teiknet, med ei uttrykksside og ei innhaldsside. Saussures teori om det språklege teiknet blir forbigått med eit kort avsnitt (s. 72), og det er elles påfallande at ein framstående sosiokulturell lingvist som Michael Halliday, som også var svært oppteken av tydingssida til språklege teikn, ikkje blir nemnt under omtalen av den sosiokulturelle leiren (eller i boka i det heile). Kan hende finst det fagleg segregering også innanfor den sosiokulturelle leiren?

Forholdet til språkleg tyding er etter mitt syn også sentralt for å forstå motsetnaden mellom den naturvitskaplege og den humanistiske tilnærminga til språkvitskap. Jo mindre oppteken ein er av tyding, jo lettare blir det å halde fast ved ei reint naturvitskapleg tilnærming til språk som fenomen. Forfattarane legg med rette stor vekt på å få fram språkets doble ontologi. Språket er (sjølv sagt) både natur, i den forstand at det har eit viktig grunnlag i menneskets fysiologi og biologi, og kultur, i den forstand at det konstruerer og held oppe meningsfelleskap. Særleg nærliggande å studere med “reine” naturvitskaplege metodar er lydssystemet og den artikulatoriske, akustiske og auditive fonetikken. På dei

tydingsberande nivåå av språksystemet strekker derimot ikkje naturvitskapen til. Denne skilnaden blir ikkje tematisert i boka.

Forfattarane viser korleis etableringa av den moderne lingvistikken på 1800-talet skjedde i ein kontekst der naturvitskaplege framgangar var naturlege vitenskaplege førebilete, men det er heller ikkje tilfeldig at hovudfokuset til den historisk-komparative språkvitskapen var lydssystemet i språka, eit nivå der dei språklege einingane ikkje er tydingsberande. Amerikansk strukturalisme og seinare generativ grammatikk har halde fram fokuset på formsida til språket, men har utvida dette perspektivet til språklege nivå som *er* tydingsberande. I formal grammatikk er det særleg formsida til det språklege teiknet (sjølv om ein innanfor slike tilnærmingar vel ikkje er særleg opptekne av teiknomgrepet i det heile) som blir sett på som autonom.

Også i sosiolingvistikken, i alle fall om vi held oss til variasjonslingvistikken, har ein vore mest oppteken av språkleg form. Lydssystemet (og då særleg lydvariasjon) har også her vore det mest sentrale språklege studieobjektet. Langs denne aksen har formell grammatikk og sosiolingvistikkk såleis viktige likskapstrekk. Som eg var inne på tidlegare, har ein i sosiolingvistikken vore oppteken av å kople språklege former til sosiale variablar, men i mindre grad til språklege tydingar. På bakgrunn av dette kan vi seie at teoretiske tilnærmingar som er opptekne av tydingssida til det språklege teiknet, har fått heller liten plass i boka, og dette gjeld både den kognitive lingvistikken, som rett nok er nemnt kort som eit alternativ til det chomskyanske paradigmet, og den systemisk-funksjonelle lingvistikken, som ikkje har fått nokon plass i det heile i den sosiokulturelle leiren.

Best er boka etter mitt syn i dei breiare faghistoriske bolkaner og i diskusjonane av koplingar mellom metodiske val og vitskapsteoretiske spørsmål. Utvalet av dei to “hovedfraksjonene”, “formell grammatikk” og “sosiokulturell lingvistikkk”, blir derimot *for* selektiv til at boka kan tene som teoretisk inngang til språkvitskapen som heilskap. Uansett er det svært viktige spørsmål forfattarane her reiser om metavitenskapleg medvit, og dei skal ha ros for initiativet til dialog mellom språkvitskaplege leirar som elles ofte ikkje vil ha så mykje med kvarandre å gjere. Eg trur og håper boka kan inspirere både studentar og forskarar til å bli med på den vidare diskusjonen.

### Referansar

- Collin, Finn & Simo Køppe. 1995. Indledning. I: Collin, Finn & Simo Køppe (red.): *Humanistisk videnskabsteori*. København: Danmarks Radio Forlaget, 10-35.
- Devitt, Michael. 2006. Intuitions in linguistics. *The British Journal for the Philosophy of Science*, 57, 481–513.
- Lau, Jey Han, Alexander Clark & Shalom Lappin. 2017. Grammaticality, Acceptability, and probability: A probabilistic view of linguistic knowledge. *Cognitive Science* 41, 1202-1241.

*Tor Arne Haugen*  
Høgskulen i Volda  
Postboks 500  
6101 VOLDA  
tor.arne.haugen@hivolda.no